



Bekymringsskala: føresette

Dette er eit verktøy som kan hjelpe deg med å avklare din uro knytt til føresette til eit barn du har kjennskap til gjennom arbeidet ditt. Skalaen er eit arbeidsreiskap som viser kva du kan fokusere på dersom føresette si åtferd gjer deg uroleg for eit barn eller ein ungdom. Ved hjelp av bekymringsskalaen kan du i samarbeid med leiar/kollega gje ei klarare vurdering av situasjonen.

Det er viktig å hugse at subjektive vurderingar berre gir eit augneblinksbilete. Ei familie kan vere i ei belastande situasjon som kan kome til uttrykk i åtferd som vekkjer uro. Tidleg involvering av føresette i ei undring er derfor svært viktig.

Skalaen er eit internt verktøy som skal hjelpe deg med å gjere best mogleg skjønn.

Ver merksam

Grunn til bekymring

Familiar med generelt god trivsel

- Omsorga frå føresette er god.
- Føresette søker råd dersom barnet i ein periode ikkje trivst.
- Føresette søker hjelp ved å ta kontakt med lege, helsestasjon, barnehage eller skule.

Familiar med redusert trivsel

- Føresette har uregelmessig oppmøte.
- Føresette let vere å delta på møter og arrangement.
- Føresette sluttar å overhalde avtarar, melder avbud i siste liten eller kjem med ulike forklaringar på kvifor dei ikkje kan delta på møter og anna som blir arrangert.
- Endra fysisk og psykisk omsorgsevne.

Signal hjå føresette med egne vanskar

- Fysiske framtoning endrar seg:
- Hyppig sjukdom
 - Lukt av alkohol
 - Manglande situasjonsforståing
 - Ustelt og likegyldig til eigen framtoning
- Føresette prega av:
- Irritasjon
 - Isolasjon
 - Usikkerheit
 - Sårbarheit
 - Nervøsitet
 - Engstelse
 - Redusert fysisk og psykisk omsorgsevne

Signal hjå føresette der barnevern/politi

- Føresette møter opp rusa, psykisk ustabile
- Mistanke om vald, anten mot ein forelder, mot barnet sjølv, eller ved mistanke om seksuelt misbruk